LEIAR

Hallingdølen er ei partipolitisk uavhengig lokalavis for Hallingdal. Avisa vart grunnlagt av Jon Fatnes i 1936.

Ansv. redaktør: **Lillian Holden**
Adm. direktør: **Ola Stave**

Marit får det til

SKULEN HAR RUNDT 150 internatelevar i alderen frå 3 til 18 år. Kapasiteten er 200. Det er 43 tilsette, og av desse er 28 lærarar. Døveskulen utanfor Nairobi i Kenya, omfattar til saman 12 bygningar og nøkkelen til det heile heiter Marit B. Kolstadbråten.

DET ER 22 ÅR SIDAN MARIT, som då jobba ved Døves Media på Bakketeigen i Ål, fekk ideen til det som skulle bli hjarte-barnet og livsverket. Under ein ferietur i landet, oppdaga ho døve barn i slummen, som levde under uverdige og val-delege forhold, utan skulegang eller nettverk rundt seg.

Det er lang veg frå ein slik tanke, til ein ferdig bygd skule i eit framandt land. Afrikansk slum er langt frå stødige Ål i Hallingdal. Ho pantsette huset for å koma i gang, samla støttespelarar rundt og seg gjekk i bresjen for å byggje skulen ho såg for seg. Organisasjonen Deaf Aid og internatskulen for døve, vart ein realitet nokre år seinare.

> *For desse er det å lære teiknspråk, nøkkelen til å lære alle verdas språk.*

ARBEIDET PÅGJEKK MED god framgang fram til 2018. Ein medarbeidar gjorde underslag, og Deaf Aid gjekk konkurs. I tillegg kom pandemien. Det var tunge slag. Initiativtakaren var langt nede, men klarte også å snu skuta. Organisasjonen vart reeta-blert under namnet Deaf Aid Isinya Norge, vart kvitt alle økonomiske krav, og kunne starte på nytt med blanke ark.

DET ER EIT VIDUNDER AV ei historie. Marit og støttespela-rane hennar har gjort ein utruleg flott jobb. Ingen nemnt, ingen gløymt. Det er Marit, som har samla dei til innsats. Ho som i starten dreiv pr.-innsats i lokale media, for ein organisasjon få hadde høyrt om. Iherdig innsats førte til at biletet endra seg.

Borna som får hjelp, er likevel viktigast. Me veit at har me har Marit med oss i det synet. Å få skulegang tilpassa manglande hørsel, er ikkje sjølvsagt i Afrikansk fattigdom. For desse er det å lære teiknspråk, nøkkelen til å lære alle verdas språk.

IKKJE BERRE DET. Språk er nøkkelen til all verdas kunnskap. Det er difor Marit B. Kolstadbråten har endå ein draum. Den er å etablere eit universitet for døve i Kenya. Ho seier at dersom dette lykkast, så er livsverket hennar fullført. Det er ikkje akkurat smålåtent, med du verda som me unner henne å få det til.

VEKAS STREK NESTE MÅL KLART



TEIKNING: INGUNN ELIDA WIKEN

Hallingdølen

Hallingdølen
Sundrevegen 79, 3570 Ål
Papirutgåva av avisa kjem ut tysdag, torsdag og laurdag

Nettadresse: hallingdolen.no

Kontortid:
Måndag - fredag kl. 08.00 - 15.30

TELEFON 32 08 65 00 **TIPS** 976 99 000 / SMS: HDTIPS <ditt tips> til 2030 **IKKJE FÅTT AVISA?** SMS: HDAVIS <dato> til 2030

ABONNEMENTSPRISAR FOR 2024

Varigheit	Komplett	Nett	*Tillegg
12 månader	3399 kr	3099 kr	390 kr
6 månader	1799 kr	1699 kr	195 kr
3 månader	949 kr	859 kr	97,50 kr
Månadspris	**289 kr	**269 kr	32,50 kr

Gebyr på papirfaktura ..... 35 kr
* *Distribusjonstillegg utanfor Hallingdal/Nore og Uvdal*
** *Forutsett fast trekk (Betalingskort eller AvtaleGiro)*

E-POSTADRESSER
redaksjonen@hallingdolen.no
hallingnytt@hallingdolen.no
lesarbrev@hallingdolen.no
annonse@hallingdolen.no
abonnement@hallingdolen.no

ANNONSEFRISTAR
Tysdagsavisa: Måndag kl. 09.00
Torsdagsavisa: Onsdag kl. 09.00
Laurdagsavisa: Fredag kl. 09.00

DISTRIBUSJON
Telefon: 915 51 431

SATS/MONTASJE
Hallingdølen AS

TRYKK
Amedia Trykk Lillestrøm

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonser utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtala. Hallingdølen forbeheld seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

PRESSENS FAGLIGE UTVALG (PFU) er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. PFU behandlar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.

Kontakt PFU
Postadresse: Rådhusgata 17. Postboks 46 Sentrum. 0158 Oslo
Telefon: 22 40 50 40 *E-post:* pfu@np-nr.no